



Fylkesmannen I Rogaland  
Postboks 59 Sentrum

4001 STAVANGER

Saksnr	Løpenr	Arkivkode	Avd/Sek/Saksh	Dykkar ref
17/347-13	26558/17	233	HV/HV/RAA	

## SKJØNSTILSKOT - RAPPORT NY VRI- PROSJEKTET

Klepp kommune fekk i 2015 tildelt kr 500.000 til prosjektet Ny vri- å læra frå unge som ikkje fullfører vidaregåande opplæring.

Bakgrunnen for søknaden var at Klepp hadde høge fråfallstal i vidaregåande opplæring, og ønskte å finna ut meir om kvifor så mange unge ikkje fullfører vidaregåande opplæring innan normaltid.

Målet med prosjektet var å få tak i dei unge sine erfaringar og opplevingar frå grunnskulealder, og i neste omgang nytta denne kunnskapen til å utvikla gode oppvekst- og velferdstenester. Basert på direkte innspel frå dei unge, ønskte vi å driva internt endringsarbeid i organisasjonen.

Prosjektperiode er nov 2015 til mai 2017. Anders Stokkeland Olsen har leia prosjektet frå nov 2015 til nov 2016. Siste halvår, fram til mai 2017 er brukt til oppfølgande aktivitetar og erfaringsspreiing.

### Måloppnåing

Prosjektet har høg måloppnåing. Vi har fått synspunkt og innspel frå dei unge sjølv som nå blir brukt aktivt i arbeidet med redusera fråfall i vidaregåande opplæring. Prosjektet har og gitt nyttig kunnskap i vidare forstand til å utvikla gode oppvekst- og velferdstenester. Det er og verd å poengtera at prosjektet har vakt stor interesse både internt og eksternt, og at oppfølging etter prosjektet er målretta og solid. Ei rekke oppfølgingsaktivitetar er sett i verk.

### Gjennomføring

Prosjektleiar har intervjuet 20 ungdommar født i perioden 1993- 99. Alle har gått på ein av ungdomsskulane i kommunen og falt frå i vidaregåande opplæring.

Prosjektrapport er utarbeidd (sjå vedlegg). Denne gir ein grundig beskrivelse av korleis prosjektet er gjennomført, viser utval, metode, funn, analyse av resultat og forslag til vidare tiltak.

Prosjektrapporten og resultatet av Ny vri er lagt fram og orientert om i ei rekke utval og arenaer, eks:

- Hovudutval for helse of velferd
- Hovudutval for skule og barnehage
- Oppvekstsamlingar (tverrfaglig, 80 deltakarar frå barnevern, helsestasjon, skule, barnehage, PPT, rådmannens leiargruppe)



Tverretatlige Ny vri- samlingar  
Foreldremøte  
Skuleeigarmøte i Rogaland, alle kommunar samla  
Innovasjonskonferansen i Sola 2017  
Interkommunale samlingar Jærkommunar

Ny vri- prosjektet er presentert i ulike mediar som:

Bladet Utdanning  
Stavanger Aftenblad, fleire gonger  
Jærbladet

Prosjektet har vore godt forankra politisk, og politikarane har vist stor interesse for dei funna som har kome fram i prosjektet. Då prosjektrapporten blei lagd fram, bad politikarane om tre nye utgreiingar knytt til fråfallsproblematikk:

Sak om korleis Klepp kommune forebygger, avdekker og følgjer opp dataspillavhengighet blant barn og unge vaksne.

Sak der ein ser på mulighet for auka bruk av helsesøster som ein ressursperson i ungdomsskulen.

Sak om innføring av arbeidslivsfag i alle ungdomsskulane frå skulestart 2017.

### **Oppfølgingstiltak**

Med utgangspunkt i prosjektrapporten er det arbeid tverrfagling med oppfølgingstiltak, dels internt og dels saman med Time kommune.

Eit resultat er Overgangsplan grunnskule- vidaregåande utarbeidd av representantar frå Klepp, Time og Bryne vidaregåande skule. (sjå vedlegg)

Vi har og utarbeidd Tiltaksplan mot skulevegring (grunnskulen Klepp).

I begge planane er det teke omsyn til kva dei unge sjølv har sagt i Ny vri- prosjektet.

Klepp kommune vil vidareføra arbeida gjennom å delta i Glidelåsprosjektet med oppstart hausten 2017. Der er mellom anna forkurs for utvalde elevar eit av tiltaka. Vedlagt er oversikt over kva den enkelte ungdomsskule har gjort for å motivera elevar til å delta på forkurs.

Elles er alle avdelingane i kommunen som arbeidet med barn og unge utfordra til å vurdere eigen praksis opp mot det ungdommane formidlar i Ny vri-rapporten.

### **Gevinstrealisering**

Statistikk framover vil visa kor vidt tiltak som er iverksette etter Ny vri- prosjektet har effekt på gjennomføringsgraden i vidaregåande opplæring.

### **Nyttige erfaringar/gode råd frå prosjektet**

- Synspunkt direkte frå dei unge sjølv, verkar sterkt (har gyldighet). Som kommune bør vi i større grad søka råd hos dei det gjeld, dei som sit på erfaringane.
- Det har vore utfordrande å få tak i dei unge, vanskelig å få dei i tale. Mange hadde dårlige erfaringar med kommunen. Viktig å bruka dei unge sine arenaer og «nye» arbeidsmåtar; eks sms, facebook, treffast ute eller på kafe.
- Dei ulike kommunale avdelingane som arbeider med barn og unge har for liten kjennskap til kvarandre, trass i mange års satsing på tverrfaglig og tverretatlig samarbeid.

### **Økonomi**

Tilskotet på 500.000 er nytta i tråd med budsjettet som blei sett opp i prosjektsøknaden. Ca 380.000 til prosjektleiing og 120.000 til samlingar, kompetansebygging, dekning av vikarutgifter.

For Klepp har Ny vri-prosjektet vore svært positivt og lærerikt. Og vi bidreg gjerne med å dela kunnskap og erfaringar utover det vi allereie har gjort.

Klepp kommune, 27.07.2017

Marianne Sund  
kommunalsjef

Ragnhild Aanestad  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.*

Vedlegg:

Prosjektrapport

Overgangsplan grunnskule-vidaregåande (utkast)

Tiltaksplan mot skulevegring

Forkurs Bryne vidaregåande skule. Kva har ungdomsskulane gjort.

Kopi til: